

KOPI

Alver kommune v/byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 21/1723 - 21/15507

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2021

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - Gbnr 91/6 Brundtland

**Tiltak:** Etablering av avkjørsle til parkeringsplass for fritidsbustad  
**Byggested:** Maråsvegen – Gbnr 91/6  
**Tiltakshavar:** John Magne Laastad  
**Ansvarleg søker:** John Magne Laastad

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå communal veg for etablering av parkeringsplass for bustad som er søkt delt i frå hovudteig som fritidsbustad.


Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere ny avkjørsle frå communal veg for etablering av parkeringsplass til bustad som er søkt frådelt frå hovudteigen. Bustaden er tenkt nytta som fritidsbustad. Avkjørsle vil verte etablert ihht til dei krav kommunen har. Avkjørsla skal være tilkomst til eit parkeringsareal på om lag 8 x 12 meter. Det er tenkt etablert 3 parkeringsplasser på høgre side. Parkeringsplassane vil være 2,5 x 5 meter. Snuarealet vil være ca 8 x 7 meter. Avkjørsle er tenkt etablert med eit svakt fall frå communal veg på ca 3 cm på den første meteren. Deretter vil avkjørsle være horisontal. Sikt i avkjørsle vil være 45 meter mot vest og 25 meter mot aust.

Vurdering/drøfting:

Den kommunale vegen er etablert som ei eitfeltsveg med to kjøreretningars. Fartsgrense følgjer av Vegtrafikkloven § 6. Fartsgrense er opplyst til å være 50 km/t. På grunn av vegen sin beskaffenhet vil reell fart være noe lavere.




For å unngå å ta for mykje av dyrkbar jord er avkjørsle og parkeringsplass tenkt plassert så nær fjellknaus som mulig. Kommunen kan tillette sikt mot aust vert redusert til 25 meter. Sikt mot vest skal være ihht til vegnormal N100.

**Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00    www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er sendt inn lengdeprofil gjennom avkjørsla som viser at avkjørsle på den første meteren skal ha eit svakt fall frå kommunal veg på 3 cm. Etter dette vil avkjørsla gå horisontalt inn på parkeringsplassen. Dette er ihht til kommunen sine krav.



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av avkjørsle på gbnr 91/6 ved at gitte krav i løyve vert fulgt.

**Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle til parkeringsplass for fritidsbustad på gbnr 91/6. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk.

**Løyve vert gitt på følgjande vilkår:**

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På den første meteren skal avkjørsla ha eit jamt fall frå kant communal veg på minimum 3 cm før vegen stiger/faller.
- Sikt mot aust skal være minimum  $4 \times 25$  meter og sikt mot vest minimum  $4 \times 45$  meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar (gjeld alle typer) som er høgare enn 0,5 meter over communal vegnivå. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar.
- Svingradius i avkjørsla vert sett til  $R = 4$  meter.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i frå og ut i communal veg.
- Det skal, under avkjørsla, leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå communal grøft får fritt løp inn og ut av røret.
- Kommunal grøft skal oppretthaldast langs heile eigedomsgrense mot communal veg. Grøft skal ha ei bredde på minst 1,0 meter og ha eit jamt fall frå kommunenvegen.
- Løyve føreset at tiltaket vert godkjent av byggesak. Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalting (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjenvæsst. Før det kan

reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf, fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Bortfall av løyve**

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Alver kommune v/byggesak

Postboks 4      5906

FREKHAUG

**Mottakarar:**  
John Magne Laastad

Lindåsvegen 1985      5955

LINDÅS